


Lokal strategi for tildeling av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

2017-2020

Visjon:

"Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket skal i kommunane Fusa, Os, Samnanger og Tysnes, medverka til at personar med interesse for jordbrukets kulturlandskap, får ei kjensle av at det er verd å ta eit ekstra tak for miljøverdiar som er viktige både for natur- og kulturarven vår"



Fusa, Os, Samnanger og Tysnes

Innhald

<i>Del 1: Bakgrunn</i>	3
Innleiing	3
Mål og visjon.....	4
Overordna føringar kring tilskotsordninga	5
Lokale utfordringar og prioriteringar	8
<i>Del 2: Strategi og saksgong</i>	11
Aktuelle SMIL-tiltak og prioriteringar	11
Umåling av tilskot	14
Prioritering av søknader	16
Søknader om tilskot.....	16
Utbetaling av tilskot	17

Foto på framsida: Håland, Tysnes kommune

Del 1: Bakgrunn

Innleiing

I 2004 vart det innført ei ny tilskotsordning under *landbrukets utviklingsfond* (LUF), kalla tilskot til *spesielle miljøtiltak i jordbruket* – SMIL. Ordninga vart ei samleordning for miljøretta tiltak i landbruket, og avløyste fleire tidlegare miljøretta tilskotsordningar, som til dømes tilskot til *spesielle tiltak i jordbrukets kulturlandskap* (STILK). Saman med den nye ordninga vart det vedteke ei ny forskrift kalla forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket.

Stortinget vedtok nye føringar for SMIL-ordninga i 2014. Som følgje av dette vart forskrifta endra frå og med 1.1.2015. Endringa avgrensa SMIL-ordninga til søkjarar som ver berettiga produksjonstilskot. I flg. Landbruksdirektoratet var ei utilsikta følgje av dette at eigar av landbrukseigedom, som har leigd bort alt areal, ikkje lenger kunne søkje om SMIL-tilskot.

Frå 2017 er forskrifta endra slik at også eigarar som ikkje driv arealet sitt sjølv, likevel kan søkje SMIL-midlar dersom det drivast ein tilskotsberettiga produksjon på eigedomen.

Kommunane er sett til å forvalte ordninga, og har avgjerdsmynde i saker som ordninga femnar om. Paragraf 1 i forskrifta definerar kva som er føremålet med tilskotsordninga:

”Formålet med tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremme natur- og kulturminneverdiene i jordbrukets kulturlandskap og redusere forurensningen fra jordbruket, utover det som kan forventes gjennom vanlig jordbruksdrift. Prosjektene og tiltakene skal prioriteres ut fra lokale målsettinger og strategier”

Felles landbrukskontor for Fusa, Os og Samnanger kommunar har sidan 2004 og fram til 2012 forvalta tilskotsordninga for dei tre kommunane. Frå 2013 vart Tysnes kommune ein del av den felles landbruksforvaltninga. Strategien har såleis vore vedteken av alle dei aktuelle kommunane, som har lagd til grunn for forvaltninga av tilskotsordninga. Den førre strategien vart vedteken i 2013, og har vore gjeldande fram til og med 2016. Denne strategien er verksam frå søknadsåret 2017 og fram til og med søknadsåret 2020.

Den lokale strategien har fleire viktige funksjonar og blant desse kan det nemnast at han:

- Er lokalt forankra og politisk vedteken av lokaldemokratiet
- Gjev næringa høve til å medverka
- Er eit nyttig reiskap til bruk i forvaltninga av tilskotsordninga
- Set stabile rammer som søkjarane kan forholde seg til før dei søker

Søknadsfrist er sett til 1. april kvart år.

Mål og visjon

Ei viktig målsetjing er at kulturlandskapet skal vera til nytte og glede både for dei som nyttar landskapet i samband med næringsverksemd, og for ålmenta. I tillegg er det eit mål at kulturlandskapet skal bevare evna til å produsera jordbruksvarer (mat) over tid og at kulturhistoriske verdiar og biologisk mangfald ikkje går tapt.

Eit "levande" og aktivt jordbruk er ein føresetnad for å kunna bevare kulturlandskapet i regionen vår. Jordbruksdrift er i dag ei form for næringsverksemd på linje med andre næringar. Gjennom forskriftsmessige krav er næringa pålagt å etterleve ein heil del krav som vedkjem miljø og ureining. Samfunnet kan likevel ikkje forventa at ei pressa næring utan vidare skal ta byrda med å bevare den norske kulturarven som kulturlandskapet er ein del av.

Ordninga med tilskot til spesielle miljøtiltak i kulturlandskapet er difor meint å vera ei støtte til dei som ynskjer å gjera ein ekstra innsats for å bevare natur- og kulturminneverdiane i jordbruket sitt kulturlandskap og redusere forureininga frå jordbruket. I dei fleste høve vil tilskot frå SMIL-ordninga berre stå for ein avgrensa part av dei faktiske kostnadane, og ordninga er heller ikkje generelt meint å bidra med ei fullfinansiering av tiltak. Årsaka til det er at dei aller fleste av dei omsøkte tiltaka innan ordninga òg kjem søkjaren til gode, anten i samband med jordbruksdrift, anna næringsverksemd, eller gjennom å auka verdien på eigedomen.

Då den lokale tiltaksstrategien vart rullert i 2013, vart det laga ein visjon for tilskotsordninga, for å syna kva Fusa, Os, Samnanger og Tysnes kommunar ynskjer med SMIL-ordninga. Denne visjonen vert vidareført i strategien for 2017-2020.

"Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket skal i kommunane Fusa, Os, Samnanger og Tysnes, medverka til at personar med interesse for jordbrukets kulturlandskap, får ei kjensle av at det er verd å ta eit ekstra tak for miljøverdiar som er viktige både for natur- og kulturarven vår"

Overordna føringar kring tilskotsordninga

Retningslinjer for handheving av forskrifta

Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket er eit solid og absolutt rammeverk rundt tilskotsordninga som både søkjarar og forvaltninga lyt forholde seg til. Den er fastsett av Landbruksdepartementet 16. februar 2015 med heimel i jordlova av 12. mai 1995, §§ 3 og 18. Til forskrifta er det utarbeidd eit rundskriv som skal nyttast i handsaminga av SMIL-sakar: Rundskriv 2017-13 *Kommentarer til forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket*.

Kvar enkelt søkjar har høve til å lesa rundskrivet som er å finna på Landbruksdirektoratet si heimeside: www.slf.dep.no

Kommuneplanane

Kommuneplanane er kommunane sitt overordna reiskap i forvaltninga av kommunen sine ressursar. Kartlegging av kjerneområde for landbruk kan vere eit viktig fagleg grunnlag for sakshandsaming der det er synleggjort i plankartet.

Kulturminneplanane

SMIL-ordninga skal vere med på å bidra til å ivareta kulturminneverdiar i landbruket. Kulturminneplanane vil vere ein viktig faktor for å sikre ein heilskapleg vurdering av SMIL-sakar som berører kulturminne. Samnanger sin kulturminneplan er vedteken og gjeldande for 2012-2020. I Os og Tysnes er ny kulturminneplan under arbeid medan i Fusa er Kulturplan med tema Kulturminne under arbeid.

Naturmangfaldlova

I samsvar med naturmangfaldlova sin § 7, skal skal prisippa nedfelt i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Synleggjering og ivaretaking av naturmangfaldet skal vektleggjast ved handsaming av SMIL-saker og er eit viktig verktøy når løyving skal vurderast.

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i regionen. Grunnlaget for planen er føringar frå vassforskrifta som er heimla i forureiningslova, plan- og bygningslova og vassressurslova. Faktagrnnlaget for planen er samla i ein nasjonal kunnskapsdatabase, vann-nett.no. Bruk av databasen med miljøtilstand for konkrete vassførekomstar er med på å danne grunnlag for kommunane sin forvaltning, t.d. ved etablering av omsynssoner rundt sårbare vassdrag i kommuneplanen. Ved handsaming av SMIL-sakar kan databasen vere eit viktig hjelpemiddel.

Regionalt miljøprogram - RMP

Regionalt miljøprogram – RMP er eit fylkesvis miljøprogram som skal fremje ulike miljøføremål i jordbruket. Målsettinga er å medverke til auka målretting av miljøarbeidet i jordbruket og til betre synleggjering av landbruket sin samla miljøinnsats. Programmet skal også medverke til betre forankring av miljøarbeidet på fylkeskommunalt og kommunalt nivå. Gjeldande program gjeld for perioden 2013-2018. I samband med det regionale miljøprogrammet er det laga ei tilhøyrande tilskotsordning, der det er mogleg for mottakarar av produksjonstilskot å søkja om tilskot til årleg skjøtsel av somme av elementa som er nemnde i miljøprogrammet. Tiltaka vert sett ut i frå kva Fylkesmannen i det enkelte fylket vurderer som dei største miljøutfordringane. I Hordaland er dei prioriterte tiltaka knytta til kulturlandskap, brattlente bruk, kystlynghei og bruk av utmarksressursar og landskapsparkar, stølslandskap, kulturminne og forureiningstiltak.

Tanken er at SMIL-ordninga skal bidra med ei eingongsstøtte til investeringar, medan tilskotsordninga under regionalt miljøprogram (RMP) skal femne om jamlege skjøtselstiltak. Dei to ordningane skal altså opptre parallelt, og på dette viset kan eit eingongstilskot frå SMIL-ordninga, opne for moglegheita til å kunne få støtte gjennom tilskotsordninga RMP. I den lokale strategien vert det difor lagd vekt på å jamføra innhaldet i det regionale miljøprogrammet for Hordaland som er gjeldande i perioden 2013-2018, med prioriteringar i den lokale strategien for tildeling av SMIL-tilskot.

Økonomisk ramme

Kvart fylke vert årleg tildelt ei samla økonomisk ramme. For Hordaland var den samla ramma kring 8 millionar kroner i 2013 og 2014 mens for 2015 og 2016 vart den samla ramma redusert til høvesvis 5,5 og 5,4 millionar. Fylkesmannen fordeler midlane til kommunane (sjå tab 1). Fordelinga av midlar har siden 2013 vore følgjande:

Tabell 1. Kommunesvis fordeling av midlar sidan 2013.

	Fusa	Os	Samnanger	Tysnes	Sum
2013	140 000 kr	120 000 kr	70 000 kr	200 000 kr	530 000 kr
2014	140 000 kr	120 000 kr	70 000 kr	190 000 kr	520 000 kr
2015	100 000 kr	100 000 kr	100 000 kr	100 000 kr	400 000 kr
2016	100 000 kr	100 000 kr	100 000 kr	150 000 kr	450 000 kr

For kommunane Fusa, Os og Samnanger har midlane fram til 2014 vorte løyvd til kvar kommune, medan frå 2015 har det vorte løyvd ein felles sum på desse 3 . I praksis har dei samla midlane vorte forvalta som ein felles pott for dei fire samarbeidskommunane, utan omsyn til kommunegrenser. Kor stor den samla potten vert i åra framover, kjem både an på den fylkesvise tildelinga og korleis Fylkesmannen prioriterar i si fordeling av midlane.

Om SMIL-ordninga sidan 2013

Frå og med søknadsåret 2013 har det kome inn tilsaman 105 søknader frå dei fire kommunane og det er løyvd opp mot 2,5 millionar i tilskot (Tab. 2).

Tabell 2. Oversikt over søknadsomgongane 2013-2016, alle fire kommunar.

	Tal søknader	Tildelte midler	Inndregne midler	Disponibel sum	Innvilga tilskot
2013	33	600000	158796	758796	756660
2014	30	520000	140850	660850	650075
2015	18	400000	23000	423000	422965
2016	24	450000	193675	643675	627180

Dei tiltaka som dominerer er rydding av attgrodd kulturmark og oppsetjing av gjerde. Det er løyvd midlar til rydding av tilsaman 520 dekar til beite og oppsett av 16,7 km gjerde i våre fire samarbeidskommunar. I tillegg er det løyvd midlar til restaurering av kulturminne, (mellom anna steingjerder og gamle bygningar), fjerning av gamle gjerde og piggråd, samt ålmennytige tiltak som legg til rette for friluftsliv(fig. 1-4).



Fig. 1 Rydding av attgrodd kulturmark



Fig. 2 Oppsett av gjerde



Fig. 3 Restaurering av vårfloer




Fig. 4 Etablering av tursti

Lokale utfordringar og prioriteringar

Kulturlandskap

Talet på gardsbruk med sjølvstendig drift har vorte dramatisk redusert dei siste 50 åra. Det er mange stadar berre eit fåtal jordbruksføretak som driv jordbruksarealet i ei heil bygd.

Jamfør med tidlegare tider er det i dag svært få årsverk som vert nytta til å driva det same arealet som før. Utviklinga er knytt til tilgong på teknologi og energi, i kombinasjon med lønsemda i jordbruket og ein landbrukspolitikk som har fokus på effektivisering. Med eit auka krav om effektiv jordbruksdrift har storleiken på landbruksmaskiner auka. Dårlig arrondering og utfordrande topografi gjer at moglegheita til å hauste av jordbruksareala er sterkt avgrensa med store og tunge maskiner. Som ein konsekvens av dette ser vi at kulturlandskapet gror att. Det arealet som ikkje lenger vert slege, men som no i staden anten ligg brakk eller vert nytta til husdyrbeite, har ein tendens til å få oppslag av lyssiv og anna kulturugas. Problemet vert større med minkande beitepress.

Kravet til betre arrondering har ført til at landskapselement som mellom anna åkerholmar, steingardar, rydningsrøyer og opne bekkelaup vert sett på som hindringar for ei effektiv utnytting av jordbruksareala. Det har difor oppstått ei mogleg konflikt mellom gamle landskapselement og kulturminne på den eine sida og moderne agronomi på den andre.

Den moderne husdyrproduksjonen gjeng i stor grad føre seg i ein driftsbygning som ivaretek alle funksjonane som er naudsynte for produksjonen. Dette står i sterk kontrast til den tradisjonelle jordbruksproduksjonen før i tida som kravde bruk av ei rekkje ulike bygningar og funksjonelle landskapsstrukturar. Som ei følgje av endra behov, vert mange gamle bygningar og andre landskapselement som til dømes steingardar, ikkje lenger nytta og står til nedfalls.

Gamle gjerde som ikkje lenger vert skjøtta eller som er sundrusta er ofte til meir ugagn enn dei er til nytte. Slike "gjerderuinar" kan vera til hinder for ferdsel i utmark og kan òg vera til fare for vilt og beitande bufe. Mange av desse gamle gjerdene er òg utrusta med ein eller fleire strengar med piggråd, og dette forsterkar ulempa ytterlegare.

Nokre område opplever konfliktar mellom friluftsliv og landbruk. Enkelte område har hatt stor tilflytting og bustadområda omkransar dyrka mark. Andre jordbruksområde ligg plassert nær utfarstområde til populære turmål. Uønska ferdsel på dyrka mark, kan difor vere eit vesentleg problem for jordbruket.

Lokalt opplever mange i tillegg problem med store hjortebestandar og grågås som tek for seg av avlingane.

Ureining

Mange vestlandsgardsbruk, og særleg gardsbruk med mjølkeproduksjon, får årleg tilført store mengdar kraftfôr. Ein del av næringsemna i kraftfôret vert avleira i kjøt og mjølk, medan resten endar opp i gjødsellageret. Gardsbruk som driv med intensiv mjølkeproduksjon, og som i tillegg kjøper inn mykje grovfôr, vil difor ofte ha mykje husdyrgjødsel i høve til arealgrunnlaget på gardsbruket.

Med mykje husdyrgjødsel og ei uavgrensa tilgong på næringsemne i form av kunstgjødsel er det viktig å ha ei planmessig bruk av gjødsel for å unngå avrenning av næringsemne (ureining). Alle føretak som mottek produksjonstilskot er i dag pålagt å ha ein godkjend gjødslingsplan. Det er likevel alltid ein viss risiko for at det kan oppstå punktvis utslepp av husdyrgjødsel frå mellom anna gjødsellager.

Mange har endra lagringsforma av grovfôr frå lagring i silo til rundballar.

Avrenning frå siloar og rundballar kan gje lokale utslepp som er uheldig for vatn og vassdrag.

Biologisk mangfald

Landbruket har etter andre verdenskrig vore gjennom ein omfattande modernisering og intensivering. Nye driftsformar, mekanisering, bruk av kunstgjødsel, spreiding av gylle og etter kvart færre beitedyr i inn- og utmark, har ført til at det biologiske mangfaldet har vorte redusert og verdfull natur- og kulturarv går tapt.

Klima

Nedbøren i Norge har sidan 1900 auka med rundt 20 %. Gjennomsnittstemperaturen for fastlands-Noreg har auka 0,5 og 0,6 °C samanlikna med perioden 1961-1990. Samstundes er det forventa at denne trenden vil fortsetje. Fram mot 2100 er det forventa at me kan få ein auke i nedbør på om lag 18 (5-30) % og ein yttarlegare auke i middeltemperaturen på mellom 2,3 og 4,6 °C. Det vil vere store variasjonar frå nord til sør (Kjelde: Miljødirektoratet.no, NCCS report no. 2/2015, Klima i Norge 2100). Nokre av utfordringane for landbruket på Vestlandet er at klimaendringane fører med seg fleire episodar med store nedbørsmengder. Slike episodar er forventa å førekome hyppigare og meir intenstivt.

Auka nedbør og hyppigare flaumepisodar vil igjen føre til erosjon, avrenning og tap av næringsstoff, i tillegg til at nedbøren kan by på problem i samband med hausting av grovfôr og gjødsling.

Dei fleste grøfteanlegg er dimensjonert for klimatilhøve før 1980. Klimaendringane vil såleis stille større krav til drenering av jordbruksareala, betre dimensjonering og utforming av grøftesystema (Kjelde: Norsk landbruksrådgjeving).

Drenering

På kysten ligg årsnedbøren på det jamne høgt, samstundes som mykje av jorda er myrjord og andre jordartar som ikkje er sjølvdrenerande. God drenering er difor heilt naudsynt for å kunne ha jordbruksproduksjon i det heile. Granskingar har synt at det er eit stort behov for fornying av dreneringsgrøfter på Vestlandet.

Dårleg drenering vil mellom anna føre til jordpakking, dårleg bereevne, meir overflatevatn, tap av næringsstoff, erosjon og reduserte avlingar. Dårleg drenering vil i tillegg gjera tilhøva for danning av klimagassen lystgass(N₂O) laglege, og dermed medføra auka utslepp av denne.

Det er truleg fleire faktorar som har ført til at det dei siste tiåra har vorte drenert mindre enn det faktiske behovet for drenering. Døme på slike faktorar er: høg part leigejord, dårleg økonomi i næringa og at det ikkje har vore gjeve tilskot til drenering på ei tid.

Frå 2013 vart det igjen gjeve tilskot til drenering. Tilskotssatsane er låge i høve til kostnadene drenering medfører og ordninga ser ikkje ut til å stimulere til at mange nok føretak nyttar ordninga.

Økonomi og nedlegging

Dei økonomiske rammevilkåra for landbruket set klare grenser for innteninga i næringa. Sjølv om det årleg vert betalt ut store summar som produksjonstilskot, er likevel verdien av landbruksprodukt for låg, og kostnadsnivået for investeringar, driftsmidlar og arbeidskraft for høgt til at det er lukrativt å ha jordbruk som heiltidsyrke. I tillegg til at det er vanskeleg å henta ut ei monaleg årsinntekt, er arbeidstilhøva og moglegheitene for ferie- og fritid såpass avgrensa, at det for mange ikkje lenger er teneleg å halda fram med jordbruksverksemd.

Når dei økonomiske tilhøva er slik dei er per i dag, er det forståeleg at vedlikehald av gamle unyttige bygningar og andre kulturlandskapsverdiar vert salderingspost for bonden.

Svært mange har dei seinare åra avvikla sjølvstendig jordbruksverksemd. Mesteparten av jorda frå desse gardsbruka vert skjøtta vidare av andre som leigejord. Leigetakarane vil ofte ikkje ha den same interessa av å halda vedlike kulturlandskapsverdiar som dei ville hatt dersom dei åtte eigedommen. Særleg ser me at bratt areal ofte går ut av drift og gror att.

I somme tilfelle vert ikkje jorda driven vidare etter at jordbruksføretak vert avvikla, og jorda vert liggjande brakk. Sett utifrå føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, er dette svært negativt.

Kort oppsummert har landbruket i våre kommunar mellom anna følgjande utfordringar sett utifrå dei måla ein ynskjer å oppnå med ordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket:

- Bygningar og funksjonelle strukturar (som til dømes steingardar) som ikkje lenger har ei rolle i produksjonen vert ofte ikkje halden vedlike
- Potensiell konflikt mellom landskapselement/kulturminne og jordbruksdrift
- Innmarksareal gror att, oppvekst av uønska vekster
- Tap av biologisk mangfald
- Potensielle konfliktar mellom friluftsliv og landbruk
- Gamle gjerde og piggtråd i landskapet
- Overgjødsling og ureining
- Klima – auka nedbør, erosjon
- Dårleg drenering
- Dårleg økonomi i næringa
- Nedlegging av jordbruksføretak
- Brakklegging av jordbruksjord

Del 2: Strategi og saksgong

Aktuelle SMIL-tiltak og prioriteringar

Tilskotsordninga for spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL), skal fungera som ei investeringsstøtte for miljøretta tiltak i jordbruket sitt kulturlandskap. Miljøomgrepet er her nokså vidt, og det inneber i praksis ei lang rekkje av ulike tiltak. *Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i landbruket* legg dei absolutte yttergrensene for kva det kan gjevast tilskot til og forskrifta skil mellom følgjande typar tiltak :

- *Tilskudd til planleggings- og tilretteleggingsprosjekt*(§4).
- *Tilskudd til kulturlandskapstiltak og forurensningstiltak* (§ 5).

Den lokale tiltaksstrategien skal vere målretta mot lokale miljømessige behov og utfordringar. Ved førre rullering av SMIL-strategien vart det sett opp ei liste med prioriterte tiltak. Desse tiltaka vert vidareført i strategien for 2017-2020 (tab 4).

Den lokale strategien set likevel ikkje ei absolutt grense for kva det er råd å søkja om tilskot til. Vi oppmodar difor søkjarar om å søkja på tiltak som kan komme inn under føringane til forskrifta, sjølv om ikkje tiltaket er nemnd som prioritert tiltak under.

Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt

1. Planleggingstiltak (forprosjekt)

Det kan gjevast tilskot til planleggingstiltak som legg til rette for at det i andre omgong kan gjennomførast faktiske kulturlandskapstiltak og forureiningstiltak. Døme er planlegging av turstiar, restaureringsarbeid med fleire.

Planleggingsprosjektet vil i mange tilfelle innehalde ei utgreiing av tiltaket ein ynskjer å gjennomføra. Dersom utgreiinga syner at det er realistisk å gjennomføra tiltaket kan det, etter at planen er klar, søkjast om SMIL-midlar til å gjennomføra tiltaket.

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 100 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

Kulturlandskapstiltak

2. Restaurering og vedlikehald av bygningar

Det kan gjevast tilskot til restaurering av vedlikehald av verdifulle og spesielle bygningar, i kulturhistorisk forstand. Tilskotet gjeld restaurering av utvendig fasade samt reperasjon av bærande konstruksjon. Døme på aktuelle bygg som det kan gjevast tilskot til å restaurera er: eldre løer, smier, kvernhus, naust, nothengjer, utlør, utflorar, stabbur, potetkjellarar og fleire.

Merknad:

- Søkjar er pliktig til å undersøkje om tiltaket er søknadspliktig etter Plan- og bygningslova § 20. Dersom tiltaket er søknadspliktig, skal byggesøknad vere godkjend før tilskot kan utbetalast.

- Tilskotet gjeld ikkje freda bygg.

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 30 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

3. Rydding av attgrodd kulturmark

Det kan gjevast tilskot til fjerning av uønskt vegetasjon i samband med tilrettelegging for husdyrbeiting på gamal kulturmark. Det er ikkje noko krav at arealet vert heilt snautt når tiltaket er gjennomført, men arealet må likevel framstå som ope. For areal som per søknadsdato ikkje er registrert som innmark (full/overflatedyrka eller innmarksbeite) i gardskartet, vert det stilt krav om at arealet bør kunna oppfylla krava som vert sett til innmark, etter at tiltaket er gjennomført. At det vert gjeve tilskot til rydding er likevel ingen garanti for at arealet vert omklassifisert når området er godkjent som rydda.

Dette vert avgjort ved ei vurdering etter at tiltaket er slutført. For informasjon om markslagsklassifisering, sjå: www.skogoglandskap.no

Merknad:

- Ved løyving av tilskot vert det sett som eit vilkår at området vert nytta til husdyrbeite i minimum 10 år etter at det er ferdig rydda.
- Rydding til beite på areal som ikkje er gamal kulturmark, t.d. i skog/utmark eller rydding av hogstfelt, kjem ikkje inn under SMIL-ordninga.

Sats: sjå tabell 3

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 50 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

4. Oppsetting av gjerde

Det kan gjevast tilskot til oppsetting av permanent gjerde i samband med ryddeprosjekt eller prosjekt som tek sikte på ei betre utnytting av større samanhengjande område.

Det vert normalt ikkje gjeve tilskot til utskifting av eksisterande gjerde som ikkje lenger er teneleg, då dette er å rekna som ein del av normal jordbruksdrift.

Merknad:

- Bruk av piggråd i gjerde for å regulere dyr sin ferdsel er forbode (jf. dyrevelferdsloven, § 15), og vert ikkje støtta av SMIL-ordninga.

Sats: sjå tabell 3

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 50 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

5. Restaurering av steingardar

Det kan gjevast tilskot til restaurering (oppattmuring) av gamle, øydelagde steingardar. Steingardane skal setjast i stand og ryddast for vegetasjon. Det er ein føresetnad at steingarden står fram som eit landskapselement i kulturlandskapet, og at den står på innmark eller i grensa mellom innmark og utmark.

Sats: sjå tabell 3

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 50 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

6. Restaurering av andre landskapselement og kulturminne

Det kan gjevast tilskot til restaurering og istandsetjing av landskapselement som til dømes styvingstre, rydningsrøyser, bakkemurar, steinbruer og andre oppmurte strukturar.

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 50 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

7. Fjerning av gamle gjerde og piggråd

Det kan gjevast tilskot til fjerning av gamle gjerde og piggråd

Sats: sjå tabell 3

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 50 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

8. Tilrettelegging for ålmenta/friluftsliv

Det kan gjevast tilskot til tilrettelegging for friluftsliv, ålmenn ferdsle eller andre tiltak som er kjem ålmenta til gode. Døme er tiltak som vedkjem: turstiar/skiløyper, parkeringsplassar, utsiktsrydding og skilting.

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 70 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

9. Årleg vedlikehald

Somme område og eigedomar vert mykje nytta av ålmenta til ulike aktivitetar. Eit døme er at eigedomar av høg kulturhistorisk betydning vert nytta til opplevingar og rekreasjon. Andre døme er at område/eigedomar vert nytta i samband med friluftsliv som turgåing/skigåing, bading eller andre aktivitetar. I alle desse høva fører den auka aktiviteten til auka slitasje på eigedomar, noko som i sin tur medfører auka utgifter til årleg vedlikehald. I somme høve vil det difor kunna gjevast tilskot til å dekkja ein del av det årlege vedlikehaldet som skriv seg frå høg slitasje på eit område/eigedom. Eit døme er vedlikehald av turstiar.

I spesielle tilfelle kan det òg gjevast tilskot til årleg skjøtsel av kulturlandskap.

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 50 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

10. Biologisk mangfald

Det kan gjevast tilskot til tiltak som tek sikte på å bevare eller auka det biologiske mangfaldet. Døme på tiltak kan vere restaurering av slåttemark.

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 100 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

Forureiningstiltak

11. Hydrologiske tiltak og andre tiltak som kan redusere ureining frå jordbruket

Det kan gjevast tilskot til tiltak som er med på å redusere fare for erosjon, tap av matjord og avrenning av næringsstoff/ureining av vassdrag som følgje av klimaendringar og auka nedbør. Tilskotet skal støtte tiltak som er nødvendige ut over det ein kan vente av vanleg jordbruksdrift. Ulike tiltak kan vere aktuelle, t.d. steinsetjing av bekkeløp i risikosoner, etablering av vegetasjonssoner langs vassdrag, rensking av grøftar og kanalar, kummar til overflatevatn, tiltak som hindrar avrenning frå siloballar mm.

Merknad:

– For normal drenering og grøfting er det etablert ein eigen tilskotsordning og dette kjem ikkje inn under SMIL-ordninga.

-Alle fysiske inngrep i vassdrag som har verknad på naturmangfaldet er søknadspliktig etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (FOR-2004-11-15-1468).

Det kan gjevast tilskot til å dekkje inntil 30 prosent av godkjend kostnadsoverslag.

Umåling av tilskot

Faste satsar

Det er ei målsetjing for forvaltninga at ulike søkjarar skal få tildelt det same tilskotsbeløpet for utføring av tilsvarande arbeidsmengd. Likeeins er det ei målseting å forenkla arbeidet både for søkjaren og forvaltninga. I somme tilfelle vert difor kostnadsoverslaget korrigert etter faste satsar under handsaminga av søknadar (tab 3).

Tabell 3. Oppsummering av kva tiltak/kostnadar som vert korrigert etter faste satsar.

Tiltak	Maksimalsats**	Prosentats	Tilskot
Rydding av attgrodd kulturmark	3250 kr/daa	50	Maks 1625 kr pr daa
Oppsetting av permanent gjerde	90 kr/meter	50	Maks 45 kr pr meter
Restaurering av steingard	1080 kr/meter	50	Maks 540 kr meter
Fjerning av gamle gjerde/piggtråd	30 kr/meter	50	Maks 15 kr pr meter
Eige arbeid med enkle hjelpemiddel	270 kr/time	*	*
Eige arbeid med traktor og reiskap	440 kr/time	*	*
Eige arbeid med gravemaskin	490 kr/time	*	*

* Prosentats og utbetalt tilskot kjem an på kva type tiltak det vert søkt om

** Maksimalsats inneber at det etter vurdering av tiltaket òg kan nyttast ein lågare sats

Meirverdiavgift

For føretak som er registrert i meirverdiavgiftsregisteret, vert det ikkje gjeve tilskot til å dekkje utgifter i samband med meirverdiavgift. Berre for føretak som ikkje er registrert i meirverdiavgiftsregisteret, kan utgifter til meirverdiavgift inngå som ein del av kostnadsoverslag for tiltaket.

Tabell 4 – Oversikt over lokale utfordringer i jordbruket som er teken opp i SMIL-ordninga.

SMIL-forskrifta	Lokale utfordringer	Tilskot, lokal SMIL-strategi
Planleggings- og tilretteleggingsprosjekt (§4)	<p>Tap av natur- og kultuminneverdiar.</p> <p>Forureining frå landbruket</p>	<p>Tilrettelegging for større, heilskapelege prosjekt som har som mål å leie fram mot konkrete tiltak for å sikre biologisk mangfald, kulturmark og kulturminner samt tiltak som bidreg til å redusere forureining.</p>
Kulturlandskapstiltak (§5)	<p>Bygningar/kulturminne forfell</p> <p>Innmarksareal gror att, kulturmark går tapt</p> <p>-lite beitetrykk -areal ute av drift -oppvekst av uønska vekster</p> <p>Konflikt mellom landbruk/friluftsliv</p> <p>Tap av biologisk mangfald</p> <p>Gamle gjerde og piggråd</p>	<p>- Restaurering av bygningar</p> <p>- Restaurering/istandsetjing av landskapselement og kulturminne, t.d. steingardar, bakkemurar, styvingstre, steinbruar og liknande.</p> <p>-Rydding av attgrodd kulturmark</p> <p>- Oppsett av gjerde</p> <p>-Tilrettelegging for ålmenta/friluftsliv</p> <p>- Tiltak for å auke biologisk mangfald t.d. restaurering av slåttemark</p> <p>-Fjerning av piggråd/gjerde</p>
Forureiningstiltak (§5)	<p>Klimatiske utfordringar – auka nedbør, hyppigare flaumepisodar</p> <p>Dårleg drenering</p> <p>Overgjødsling, avrenning, punktutslepp</p>	<p>- Hydrologiske tiltak</p> <p>- Tiltak for å redusere avrenning</p>

Prioritering av søknadar

I tilfelle der det kjem inn søknadar som alle gjeld prioriterte tiltak, og der det samla beløpet som det vert søkt om tilskot til er høgare enn løyvingsramma, lyt det gjerast prioriteringar mellom ulike søknadar. I slike høve vert følgjande søkjargrupper og tiltak prioritert høgst:

- Tiltak med høg verknadsgrad for kvar tilskotskrone
- Tiltak som kjem ålmenta eller fleire eigedomar til gode
- Nyoppstarta føretak vil få høgare prioritet enn føretak som har søkt og fått innvilga tilskot fleire år føre.
- Ved restaurering vil bygningar som er særmerkte for regionen og få i talet (sjeldne), verta prioritert høgare enn meir "alminnelege" bygningar
- For tilskot til årleg vedlikehald/skjøtsel vert område/eigedomar med høg kulturhistorisk, biologisk eller ålmenn verdi, prioritert jamført med område/eigedomar av mindre betydning for desse kriteria.

Søknadar om tilskot

Krav til søkjar

Tilskot kan løyvast til føretak som oppfyller vilkåra i forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket §§ 2 og 4. Så lenge desse krava er oppfylt, er det ikkje noko krav om at søkjar tek i mot produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Søkjar må ha gyldig gjødslingsplan (eller fritak frå krav i gjødslingsplan) samt journal over plantevernmiddel.

Vidare må søkjar ha kart over eigd og leigd jordbruksareal som føretaket disponerer. Kulturminner, område som er viktige for biologisk mangfald, areal med erosjonsfare og andre tilhøve av miljømessig verdi skal vere kartfesta og skildra.

Dersom søkjaren ikkje sjølv eig eigedomen som det omsøkte tiltaket skal utførast på, skal søkjaren ha skriftleg godkjenning frå grunneigaren.

Søkjar er pliktig til å undersøkje om tiltaket er søknadspliktig etter anna lovverk.

Krav til søknad, søknadsfrist, kostnadsoverslag

Fristen for å søkja om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er **1. april** kvart år.

Til søknaden skal det nyttast eige skjema som er fastsett av *Statens landbruksforvaltning*.

Skjemaet har nemninga LDIR-430, og er å finna på:

- Statens landbruksforvaltning si heimeside: <https://www.slf.dep.no/no/miljo-og-okologisk/spesielle-miljotiltak/hvordan-soke/skjema>
- Landbrukskontoret kan skrive ut skjema til søkjar dersom det er ønskeleg.

I skjemaet skal det fyllast ut opplysningar om søkjaren, tiltaket sitt kostnadsoverslag og kor mykje tilskot det vert søkt. Kostnadsoverslaget bør vera spesifisert til eit nivå som synleggjer korleis kostnadane er fordelt for ulike delar av tiltaket. I tilfelle der utgifter til arbeidstimar er ein del av kostnadsoverslaget, skal det gjevast opp kor mange timar det gjeld.

I tilfelle der søkjaren har fått eit anbod frå ein entreprenør eller liknande, skal anbudet sendast inn saman med søknaden. I søknaden skal det gjevast opp eit beløp som det vert søkt om tilskot til. Kommunen vurderar kostnadsoverslaget frå søkjar, og korrigerar eventuelt kostnadsoverslaget med faste satsar og utgifter til meirverdiavgift. Det kostnadsoverslaget ein då sit att med er å rekne som "godkjent kostnadsoverslag", og dette beløpet ligg til grunn for utmåling av tilskot.

I tillegg til utfylling av sjølve skjemaet, skal søknaden innehalda følgjande vedlegg/dokumentasjon som er naudsynte for at landbrukskontoret kan ta stilling til innhaldet i søknaden:

- Kortfatta plan med skildring av tiltaket og gjerne med fotodokumentasjon.
- Kart som visar kvar tiltaket skal utførast og evt omfang (på nettsidene til www.nibio.no finn ein gardskart som er godt eigna til dette føremålet).
- Kart over eigedomen som visar miljøverdiar eller område med fare for erosjon (tap av jord og næringsstoff)
- Gjødslingsplan og sprøytejournal treng **ikkje** leggjast ved i søknaden, men må kunne visast ved ein eventuell kontroll.

Søknaden skal sendast eller leverast til landbrukskontoret i kommunen.

Handsaming av søknadar

Landbrukskontoret i kommunen handsamar innkomne søknadar.

I mange høve vil det vera naturleg at sakshandsamar hjå landbrukskontoret kjem på synfaring hjå søkjaren. Ei slik synfaring er nyttig for begge partar; sakshandsamar får eit klårare inntrykk av kva som skal gjerast, samstundes som søkjaren får eit godt høve til å utdjupa kva han ynskjer å få til med prosjektet.

Etter at alle søknadane er gjennomgått, vert det gjort ei prioritering med grunnlag i den samla tilskotsramma og i tråd med den lokale strategien og gjeldande forskrift med rundskriv. Dei omsøkte tiltaka vert vurdert etter naturmangfaldlova.

Kommunen fattar enkeltvedtak som vert sendt ut til søkjar.

Utbetaling av tilskot

Delutbetaling

Søkjaren har høve til å søkja skriftleg om å få utbetalt delar av tilskotsbeløpet, etter kvart som tilsvarande part av arbeidet er gjennomført. Det skal likevel stå att minst 25 prosent av det løyvde tilskotsbeløpet til arbeidet er dokumentert og godkjent som slutført av kommunen.

Sluttutbetaling

Søknad om sluttutbetaling skal sendast til kommunen når arbeidet er ferdig utført. Søknaden skal innehalde tilstrekkeleg informasjon til at gjennomføringa av arbeidet og utgifter vert dokumentert.

Døme på dokumentasjon er bilete og oversikt over tidsbruk og kopiar av bilag. I mange høve vil landbrukskontoret synfare tiltaket.

Dersom dokumentasjonen syner at kostnaden for tiltaket er lågare enn det kostnadsoverslaget som vart nytta i utmålinga av tilskotsbeløpet, vert utbetalinga tilsvarande lågare.

Arbeidsfrist

I vedtaket om tilskot skal det setjast ein frist for når prosjektet skal vera slutført. Arbeidsfristen kan vera inntil 3 år etter vedtaket om tilskot vert fatta. Søkjaren får skriftleg orientering når arbeidsfristen nærmar seg. Etter skriftleg søknad frå søkjaren kan arbeidsfristen forlengjast slik at han vert inntil 5 år etter at vedtaket om tilskot vart fatta. Det kan ikkje gjevast utviding av arbeidsfristen utover dette.

Merknad:

Dersom søkjaren av ulike grunnar ikkje ønskjer å fullføre eit tiltak det er løyvd midlar til, skal søkjar gje kommunen beskjed om dette så snart som råd. På den måten kan midlane omdisponerast lokalt og kome andre føretak til gode.